



Innkalling Formannskapet

Møtedato: 06.11.2017
Møtested: Møterom - Børilden
Møtetid: 09.00

Forfall skal meldast til Servicekontoret t. 56162000/post@austrheim.kommune.no
Varamedlem møter berre etter nærare innkalling

Saksliste

Saknr	Tittel
088/17	Godkjenning av innkalling og saksliste
089/17	Godkjenning av møteprotokoll
090/17	Orienteringssak
091/17	Budsjett 2018 - Økonomiplan 2018 - 2021
092/17	Reglement for politisk tingingsutval

Dato, 31.10.2017

Per Lerøy
ordfører

Jan Olav Osen
rådmann

Sakspapir

Saksnr	Utvalg	Type	Dato
088/17	Formannskapet	PS	06.11.2017

Saksbehandler	Arkiv	ArkivsakID
Emma Hjelmtveit	FE - 033	17/812

Godkjenning av innkalling og saksliste

Framlegg til vedtak:

Innkalling og sakliste vert godkjent

Saksopplysninger:

Sakspapir

Saksnr	Utvalg	Type	Dato
089/17	Formannskapet	PS	06.11.2017

Saksbehandler	Arkiv	ArkivsakID
Emma Hjelmtveit	FE - 033	17/812

Godkjenning av møteprotokoll

Vedlegg:

Protokoll - Formannskapet - 26.10.2017

Framlegg til vedtak:

Møteprotokoll frå forrige møte vert godkjent

Saksopplysninger:



Møteprotokoll Formannskapet

Møtedato: 26.10.2017
Møtestad: Møterom - Børiiden
Møtetid: 09.00 – 12.00

Frammøtte medlemmer	Parti	Rolle
Per Lerøy	AP	Ordfører
Anne Dahle Austrheim	KRF	Varaordfører
Jorund Stellberg	UAH	Medlem
Siri Kaland	AP	Medlem
Jan Erik Espelid	V	Medlem

Frå administrasjonen møtte: Jan Olav Osen, Asbjørn Nagell Toft, Rolf Henning Myrmel

Olav Mongstad møtte i sak 083/17

Dato, 26.10.2017

Per Lerøy
ordfører

Jan Olav Osen
rådmann

Sakliste

Saknr	Tittel
071/17	Godkjenning av innkalling og sakliste
072/17	Godkjenning av møteprotokoll
073/17	Meldingar
074/17	Delegerte saker
075/17	Orienteringssak
076/17	Dispensasjon- Søknad om frådelling av gardstunet på gbnr. 155/7 på Hopland
077/17	Dispensasjon- Søknad om deling av bebygd fritidseigedom på gbnr. 150/5 og 31- Hjertås
078/17	Dispensasjon sak 17/546 gbnr 162/8 - Børilden - fritidsbustad
079/17	Lokal forskrift om utslepp frå mindre avløpsanlegg for Austrheim kommune - lgangsetting
080/17	Sal av kai på gbnr 166/7 på Særvrøy aust
081/17	Hiuttak av rev - Langøy - Klagehandsaming
082/17	Invitasjon til Vest brann- og redningsregion
083/17	Kommunen skal overta borgarleg vigselemynde
084/17	Retningslinjer for bruk av utbyggingsavtalar og bidrag til kommunalteknisk infrastruktur
085/17	Oppretting av mellombels utval skule
086/17	Tertialrapport 2, 2017
087/17	Budsjettjustering nr. 2, 2017

071/17: Godkjenning av innkalling og saksliste

Rådmannen sitt framlegg:

Innkalling og sakliste vert godkjent

26.10.2017 FORMANNSKAPET

Rådmannen sitt framlegg vert samrøystes vedteke

FS - 071/17 - 26.10.2017 - Vedtak:

Innkalling og sakliste vert godkjent

072/17: Godkjenning av møteprotokoll

Rådmannen sitt framlegg:

Møteprotokoll frå forrige møte vert godkjent

26.10.2017 FORMANNSKAPET

Rådmannen sitt framlegg vert samrøystes vedteke

FS - 072/17 - 26.10.2017 - Vedtak:

Møteprotokoll frå forrige møte vert godkjent

073/17: Meldingar

Rådmannen sitt framlegg:

Meldingane vert tekne til orientering

26.10.2017 FORMANNSKAPET

Rådmannen sitt framlegg vert samrøystes vedteke

FS - 073/17 - 26.10.2017 - Vedtak:

Meldingane vert tekne til orientering

074/17: Delegerte saker

Rådmannen sitt framlegg:

Delegerte saker vert tekne til orientering

26.10.2017 FORMANNSKAPET

Rådmannen sitt framlegg vart samrøystes vedteke

FS - 074/17 - 26.10.2017 - Vedtak:

Delegerte saker vert tekne til orientering

075/17: Orienteringssak

Rådmannen sitt framlegg:

26.10.2017 FORMANNSKAPET

Det vart orientert om fylgjande i møtet:

- Avdelingsleiar Rolf Henning Myrmel orienterte om pålegg frå arbeidstilsynet i skriv av 13.10.17.
-Avdelingsleiar Rolf Henning Myrmel orienterte om problem i samband med naustetomt på Austrheim.

-Avdelingsleiar Rolf Henning Myrmel orienterte om behov for tilleggsøyving i samband med oppgraderingar på Kaland skule

-Ordførar Per Lerøy orienterte om framlegg til endringar i eigedomsskatteloven-konsekvensar for ilandføringsanlegg. Det vart utdelt eit notat.

-Ordførar Per Lerøy orienterte om avtale om forlenging av foreldingsfrist. Kopi av avtalen vart utdelt i møtet.

Framlegg til vedtak:

Orienteringane vert teke til vitande.

Framlegget vart samrøystes vedteke.

FS - 075/17 - 26.10.2017 - Vedtak:

Orienteringane vert teke til vitande.

076/17: Dispensasjon- Søknad om frådeling av gardstunet på gbnr. 155/7 på Hopland

Rådmannen sitt framlegg:

Austrheim kommune gjev på vilkår dispensasjon til omsøkt frådeling på gbnr. 155/7 på Hopland:

1. Oppmålingsforretning må skje innan tre år, om ikkje fell delingsløyvet ut.
2. Den frådelte gardstunet skal ha nytt gards- og bruksnummer.
3. Rettar som er naudsynt i forhold til VVA og gjerdeplikt må tinglysast i skøytet.

Grunngjeving for vedtaket er gjeve i saksutgreiinga.

Vedtaket er heimla i plan- og bygningslova § 19-2 og § 26-1.

Saka vert sendt til Fylkesmannen i Hordaland til klagevurdering

26.10.2017 FORMANNSKAPET

Rådmannen sitt framlegg vart samrøystes tilrådd.

FS - 076/17 - 26.10.2017 - Vedtak:

Austrheim kommune gjev på vilkår dispensasjon til omsøkt frådeling på gbnr. 155/7 på Hopland:

1. Oppmålingsforretning må skje innan tre år, om ikkje fell delingsløyvet ut.
2. Den frådelte gardstunet skal ha nytt gards- og bruksnummer.
3. Rettar som er naudsynt i forhold til VVA og gjerdeplikt må tinglysast i skøytet.

Grunngjeving for vedtaket er gjeve i saksutgreiinga.

Vedtaket er heimla i plan- og bygningslova § 19-2 og § 26-1.

Saka vert sendt til Fylkesmannen i Hordaland til klagevurdering

077/17: Dispensasjon- Søknad om deling av bebygd fritidseigedom på gbnr. 150/5 og 31- Hjertås

Rådmannen sitt framlegg:

Austrheim kommune gjev på vilkår dispensasjon til frådeling på gbnr. 150/5 og 31 til eksisterande hytte med hageareal omkring seg på Hjertås:

1. Oppmålingsforretning må skje innan tre år, om ikkje fell delingsløyvet ut.
2. Den frådelte hyttetomta skal ha nytt gards- og bruksnummer og delinga skal vera i tråd med kartskisse 2. under rådmannen sine vurderingar.
3. Minireinseanlegg eller tilkobling til kommunalt avløp skal gjennomførast for begge eigedomane dersom kommunen krev dette

Grunngjeving for vedtaket er gjeve i saksutgreiinga.

Vedtaket er heimla i plan- og bygningslova § 19-2 og § 26-1.

Saka vert sendt til Fylkesmannen i Hordaland til klagevurdering

26.10.2017 FORMANNSKAPET

Rådmannen sitt framlegg vart samrøystes vedteke.

FS - 077/17 - 26.10.2017 - Vedtak:

Austrheim kommune gjev på vilkår dispensasjon til frådeling på gbnr. 150/5 og 31 til eksisterande hytte med hageareal omkring seg på Hjertås:

1. Oppmålingsforretning må skje innan tre år, om ikkje fell delingsløyvet ut.
2. Den frådelte hyttetomta skal ha nytt gards- og bruksnummer og delinga skal vera i tråd med kartskisse 2. under rådmannen sine vurderingar.
3. Minireinseanlegg eller tilkobling til kommunalt avløp skal gjennomførast for begge eigedomane dersom kommunen krev dette

Grunngjeving for vedtaket er gjeve i saksutgreiinga.

Vedtaket er heimla i plan- og bygningslova § 19-2 og § 26-1.

Saka vert sendt til Fylkesmannen i Hordaland til klagevurdering

078/17: Dispensasjon sak 17/546 gbnr 162/8 - Børilden - fritidsbustad

Rådmannen sitt framlegg:

Formannskapet i Austrheim gjev dispensasjon som omsøkt for riving av eksisterande fritidsbustad og bygging av ny som omsøkt, på følgjande vilkår:

- Det skal nyttas nøytrale fargar på bygget, til dømes jordfargar. Fargeval skal visast i byggesøknaden.
- Det skal ikkje gjerast terrenginngrep utanfor byggjegropa.
- Det skal ikkje skje varige terrengingrep ved utlegging av avløpsleidning.

Grunngjeving er gjeve i saksutgreiinga.

Vedtaket er heimla i plan- og bygningslova § 19-2 jamfør §§ 1-8 og 11-6.

Vedtaket vert sendt Fylkesmannen i Hordaland for klagevurdering.

26.10.2017 FORMANNSKAPET

Rådmannen sitt framlegg vart samrøystes vedteke.

FS - 078/17 - 26.10.2017 - Vedtak:

Formannskapet i Austrheim gjev dispensasjon som omsøkt for riving av eksisterande fritidsbustad og bygging av ny som omsøkt, på følgjande vilkår:

- Det skal nyttas nøytrale fargar på bygget, til dømes jordfargar. Fargeval skal visast i byggesøknaden.
- Det skal ikkje gjerast terrenginngrep utanfor byggjegropa.
- Det skal ikkje skje varige terrengingrep ved utlegging av avløpsleidning.

Grunngjeving er gjeve i saksutgreiinga.

Vedtaket er heimla i plan- og bygningslova § 19-2 jamfør §§ 1-8 og 11-6.

Vedtaket vert sendt Fylkesmannen i Hordaland for klagevurdering.

079/17: Lokal forskrift om utslepp frå mindre avløpsanlegg for Austrheim kommune - Igangsetting

Rådmannen sitt framlegg:

Austrheim kommune gjer vedtak om igangsetjing av arbeid med lokal forskrift om utslepp frå

mindre avløpsanlegg for Austrheim kommune. Grunngevinga for vedtaket er å oppnå dei miljømåla som er satt i Regional plan for vassregion Hordaland 2016-2021. Lokal forskrift er heimla i Lov om vern mot forurensningar og om avfall (forureiningslova) § 9 jf. Forskrift om begrensning av forurensning (forurensningsforskriften) § 12-6, og Lov om behandling i forvaltningssaker §37.

26.10.2017 FORMANNSKAPET

Rådmannen sitt framlegg vart samrøystes vedteke.

FS - 079/17 - 26.10.2017 - Vedtak:

Austrheim kommune gjer vedtak om igangsetjing av arbeid med lokal forskrift om utslepp frå mindre avløpsanlegg for Austrheim kommune. Grunngevinga for vedtaket er å oppnå dei miljømåla som er satt i Regional plan for vassregion Hordaland 2016-2021. Lokal forskrift er heimla i Lov om vern mot forurensningar og om avfall (forureiningslova) § 9 jf. Forskrift om begrensning av forurensning (forurensningsforskriften) § 12-6, og Lov om behandling i forvaltningssaker §37.

080/17: Sal av kai på gbnr 166/7 på Særvrøy aust

Rådmannen sitt framlegg:

Austrheim kommune sel det kommunale kaianlegget på gbnr. 166/7 på Særvrøy aust for kr. 20.000 til Solberg. Grunngevinga for salet er at kaien ikkje lenger er viktig for ålmenta. Prisen er sett ut frå takst (verdivurdering) motteke den 17.08.2017. Grunngevinga for salet er elles gjeve i saksutgreiinga.

26.10.2017 FORMANNSKAPET

Rådmannen sitt framlegg vart samrøystes vedteke.

FS - 080/17 - 26.10.2017 - Vedtak:

Austrheim kommune sel det kommunale kaianlegget på gbnr. 166/7 på Særvrøy aust for kr. 20.000 til Solberg. Grunngevinga for salet er at kaien ikkje lenger er viktig for ålmenta. Prisen er sett ut frå takst (verdivurdering) motteke den 17.08.2017. Grunngevinga for salet er elles gjeve i saksutgreiinga.

081/17: Hiuttak av rev - Langøy - Klagehandsaming

Rådmannen sitt framlegg:

Klaga vert ikkje teke til følgje og vedtak i saka vert stadfesta. Grunngevinga går fram av saksframlegget.

26.10.2017 FORMANNSKAPET

Framlegg frå Krf v/ Anne Dahle Austrheim:

Klagen vert teke til følgje.

Framlegget frå rådmannen fekk 4 røyster og framlegget frå Krf v/ Anne Dahle Austrheim fekk 1 røyst.

FS - 081/17 - 26.10.2017 - Vedtak:

Klaga vert ikkje teke til følgje og vedtak i saka vert stadfesta.

Grunngjevinga går fram av saksframlegget.

082/17: Invitasjon til Vest brann- og redningsregion

Rådmannen sitt framlegg:

Austrheim kommunestyre vedtek å avslå invitasjon om å delta i etablering av Vest brann- og redningsregion. Økonomiske og geografiske omsyn samt det faktum at dette er eit nybrottsarbeid med usikkerheit på utfallet, talar over dei fordelane som samarbeidet har å tilby. Det har ikkje vist seg eit klart behov for å delta i dette samarbeidet. Ein ynskjer i staden å styrke samarbeidet med dei nærliggande brannvesen. Dersom kommunen ved eit seinare høve ser at samarbeidet oppnår nytteverdi for deltakarkommunane og at kostnadane er avklart kan ein vurdere på nytt om det skal søkast om deltaking i samarbeidet. Ved etablering av felles brann og redning med Lindås, Meland , Radøy og Modalen vil fleirtalet i samarbeidet bestemme Austrheim sin tilknytning til Vest brann- og redningregion.

Austrheim kommunestyre vedtek å gjere avtale med Vest brann- og redningsregion om å behalde tenesta interkommunalt utval mot akutt forureining (IUA region Bergen) og 110 Hordaland.

26.10.2017 FORMANNSKAPET

Rådmannen sitt framlegg vart samrøystes tilrådd.

FS - 082/17 - 26.10.2017 - Vedtak:

Austrheim kommunestyre vedtek å avslå invitasjon om å delta i etablering av Vest brann- og redningsregion. Økonomiske og geografiske omsyn samt det faktum at dette er eit nybrottsarbeid med usikkerheit på utfallet, talar over dei fordelane som samarbeidet har å tilby. Det har ikkje vist seg eit klart behov for å delta i dette samarbeidet. Ein ynskjer i staden å styrke samarbeidet med dei nærliggande brannvesen. Dersom kommunen ved eit seinare høve ser at samarbeidet oppnår nytteverdi for deltakarkommunane og at kostnadane er avklart kan ein vurdere på nytt om det skal søkast om deltaking i samarbeidet. Ved etablering av felles brann og redning med Lindås, Meland , Radøy og Modalen vil fleirtalet i samarbeidet bestemme Austrheim sin tilknytning til Vest brann- og

redningregion.

Austrheim kommunestyre vedtek å gjere avtale med Vest brann- og redningsregion om å behalde tenesta interkommunalt utval mot akutt forureining (IUA region Bergen) og 110 Hordaland.

083/17: Kommunen skal overta borgarleg vigselemynde

Rådmannen sitt framlegg:

1. Etter lovendringane i ekteskapslova gjeldande frå 01.01.2018 vert fylgjande praktisert i Austrheim kommune:
 - a. I Austrheim kommune blir ordførar og varaordførar kommunale vigslarar.
 - b. Kommunen tilbyr Austrheimstova som seremonirom
 - c. Brudeparet kan avtale med vigslar tilpassing av t.d. tekst og musikk under seremonien. Vigslar avgjer kva som kan tilpassast i vigselritualet.
 - d. Normalt vert det tilbydd vigsel på kvardagar mellom kl. 11. og 14.00.
 - e. Austrheim kommune vil også tilby vigsel på enkelte laurdagar etter avtalt datooppsett som vert kunngjort på kommunen si heimeside.
 - f. Dersom paret ynskjer at vigselen skal føregå andre stader enn i Austrheimstova, må det avklarast kostnader med dette. Dersom ein kan setja fast sum for kostnadene, vert dette kunngjort på heimesidene til kommunen.
 - g. Dersom paret ynskjer vigselen ein annan stad enn i Austrheim, og oppfyller kriteriene for det, må paret bere kostnadene for vigslar til og frå staden.
 - h. Kommunestyret er inneforstått med at det er ope for ei enkel markering med t.d. champagne dersom paret søkjer om det.
 - i. Rådmannen får mynde i dialog med vigslarane å kjøpe inn og møblere lokalet til dette nye føremålet. Dei har og mynde til å avgjere innkjøp av eventuell kappe/kapper.
 - j. For vigsel som skal føregå på annan stad i kommunen enn i Austrheimstova vert kostnaden:
 - Innandørs vigsel kr. 750,-
 - Utandørs vigsel kr. 1 000,-
 - k. For vigsel som skal føregå annan stad i landet enn i Austrheim, må paret betale dei faktiske kostnadene med reise/overnatting/diett for vigslar.
 - l. Vigslaren syter for underskrift i vigselboka og gir vigselattestar.
 - m. Rådmannen utarbeider rutinar for det formelle rundt vigselen. Det vert utarbeidd informasjon om dette på kommunen si heimeside.

26.10.2017 FORMANNSKAPET

Rådmannen sitt framlegg vart samrøystes tilrådd.

Til møtet i Austrheim kommunestyre vert rådmannen bedt om å komme med framlegg til vigslar frå administrasjonen .

FS - 083/17 - 26.10.2017 - Vedtak:

1. Etter lovendringane i ekteskapslova gjeldande frå 01.01.2018 vert fylgjande praktisert i Austrheim kommune:
 - a. I Austrheim kommune blir ordførar og varaordførar kommunale vigslarar.
 - b. Kommunen tilbyr Austrheimstova som seremonirom
 - c. Brudeparet kan avtale med vigslar tilpassing av t.d. tekst og musikk under seremonien. Vigslar avgjer kva som kan tilpassast i vigselseritualet.
 - d. Normalt vert det tilbydd vigsel på kvardagar mellom kl. 11. og 14.00.
 - e. Austrheim kommune vil også tilby vigsel på enkelte laurdagar etter avtalt datooppsett som vert kunngjort på kommunen si heimeside.
 - f. Dersom paret ynskjer at vigselen skal føregå andre stader enn i Austrheimstova, må det avklarast kostnader med dette. Dersom ein kan setja fast sum for kostnadene, vert dette kunngjort på heimesidene til kommunen.
 - g. Dersom paret ynskjer vigselen ein annan stad enn i Austrheim, og oppfyller kriteriene for det, må paret bere kostnadene for vigslar til og frå staden.
 - h. Kommunestyret er inneforstått med at det er ope for ei enkel markering med t.d. champagne dersom paret søker om det.
 - i. Rådmannen får mynde i dialog med vigslarane å kjøpe inn og møblere lokalet til dette nye føremålet. Dei har og mynde til å avgjere innkjøp av eventull kappe/kapper.
 - j. For vigsel som skal føregå på annan stad i kommunen enn i Austrheimstova vert kostnaden:
 - Innandørs vigsel kr. 750,-
 - Utandørs vigsel kr. 1 000,-
 - k. For vigsel som skal føregå annan stad i landet enn i Austrheim, må paret betale dei faktiske kostnadene med reise/overnatting/diett for vigslar.
 - l. Vigslaren syter for underskrift i vigselboka og gir vigselattestar.
 - m. Rådmannen utarbeider rutinar for det formelle rundt vigselen. Det vert utarbeidd informasjon om dette på kommunen si heimeside.

084/17: Retningslinjer for bruk av utbyggingsavtalar og bidrag til kommunalteknisk infrastruktur

Rådmannen sitt framlegg:

Formannskapet i Austrheim kommune tilrår retningslinjer for bruk av utbyggingsavtalar og bidrag til kommunalteknisk infrastruktur i Austrheim kommune slik dei ligg føre.

Retningslinjene er heimla i plan- og bygningslova § 17-2.

Grunngjeving er gjeve i saksutgreiinga.

26.10.2017 FORMANNSKAPET

Framlegg frå Jorund Stellberg:

Formannskapet i Austrheim kommune tilrår retningslinjer for bruk av utbyggingsavtalar og bidrag til kommunalteknisk infrastruktur i Austrheim kommune med fylgjande endring i § 2-3 nytt avsnitt 2: Sakshandsaminga må klargjere forhold knytt til lov om merverdiavgift/merverdikompensasjon når det gjeld frådrag for inngåande merverdi samt eventuell justeringsrett. Om nødvendig må det avklarast gjennom førehandsauttale frå skatteetaten.

FS - 084/17 - 26.10.2017 - Vedtak:

Formannskapet i Austrheim kommune tilrår retningslinjer for bruk av utbyggingsavtalar og bidrag til kommunalteknisk infrastruktur i Austrheim kommune med fylgjande endring i § 2-3 nytt avsnitt 2: Sakshandsaminga må klargjere forhold knytt til lov om merverdiavgift/merverdikompensasjon når det gjeld frådrag for inngåande merverdi samt eventuell justeringsrett. Om nødvendig må det avklarast gjennom førehandsauttale frå skatteetaten.

Retningslinjene er heimla i plan- og bygningslova § 17-2.

Grunngjeving er gjeve i saksutgreiinga.

085/17: Oppretting av mellombels utval skule

Rådmannen sitt framlegg:

A. Austrheim kommunestyre set ned eit mellombels utval med fylgjande mandat:

Mandat:

- Framtidig skulestruktur i Austrheim kommune.
- Konkretisering av samarbeidet mellom AVS og ungdomstrinna i kommunen.
- Utrusting av skulane for å kunna gje alle elevane eit godt læremiljø.
- Bruk av ledige areal ved Kaland barne- og ungdomsskule når Kaland barnehage flyttar inn i nye lokale om nokre år.
- Kaland 1, rehabilitering eller riving?
- Framtidig bruk av dagens leikeareal for Kaland barnehage.
- Oppbygging av gode og aktiviserande uteareal ved Kaland og Årås skular.

B. Utvalet bør kunne levere delinstillingar i arbeidet sitt. Utvalet står fritt til å trekkje inn andre instansar og personar i arbeidet sitt.

C. Utvalet vert samansett slik:

- o Rektor ved kvar av skulane, med inspektør som vara. (2)
- o Ein representant frå dei aktuelle fagforeiningane, Utdanningsforbundet, med Fagforbundet som vara. (1)
- o Ein representant som er peika ut av FAU ved kvar skule, dette bør fortrinnsvis vere leiarane med nestleiar som vara. (2)

- o Tre representantar vald ut av kommunestyret, med vararepresentantar etter liste. (3)
- o Ein representant frå teknisk drift i dei delar av arbeidet som gjeld bygg og uteanlegg.(1)
Denne representanten er assosiert medlem til utvalet utan røysterett og med i delar av arbeidet.
Kommunestyret vel leiar og nestleiar for utvalet.
- D. Utvalet skal rapportera framdrifta i arbeidet til kommunestyret på kvart møte i kommunestyret. Sluttrapporten frå utvalet skal leggjast fram for kommunestyret i juni 2018.

26.10.2017 FORMANNSKAPET

Til møtet vart det kome merknader frå ungdomsrådet.

Fellesframlegg:

Austrheim kommunestyre set ned eit mellombels utval med fylgjande mandat:

Mandat:

- Framtidig skulestruktur i Austrheim kommune.
- Konkretisering av samarbeidet mellom AVS og ungdomstrinna i kommunen.
- Utrusting av skulane for å kunna gje alle elevane eit godt læremiljø.
- Bruk av ledige areal ved Kaland barne- og ungdomsskule når Kaland barnehage flyttar inn i nye lokale om nokre år.
- Kaland 1, rehabilitering eller riving?
- Framtidig bruk av dagens leikeareal for Kaland barnehage.
- Oppbygging av gode og aktiviserande uteareal ved Kaland og Årås skular.

B. Utvalet bør kunne levere delinstillingar i arbeidet sitt. Utvalet står fritt til å trekkje inn andre instansar og personar i arbeidet sitt.

C. Utvalet vert samansett slik:

- o Rektor ved kvar av skulane, med inspektør som vara. (2)
- o Ein representant frå dei aktuelle fagforeiningane, Utdanningsforbundet, med Fagforbundet som vara. (1)
- o Ein representant som er peika ut av FAU ved kvar skule, dette bør fortrinnsvis vere leiarane med nestleiar som vara. (2)
- To representantar frå ungdomsrådet.
- o Fire representantar vald ut av kommunestyret, med vararepresentantar etter liste. (3)
- o Ein representant frå teknisk drift .

Kommunestyret vel leiar og nestleiar for utvalet. Leiar har dobbelstemme i høve der stemmetalet er likt.

D. Utvalet skal rapportera framdrifta i arbeidet til kommunestyret på kvart møte i kommunestyret. Sluttrapporten frå utvalet skal leggjast fram for kommunestyret i juni 2018.

FS - 085/17 - 26.10.2017 - Vedtak:

A. Austrheim kommunestyre set ned eit mellombels utval med fylgjande mandat:

Mandat:

- Framtidig skulestruktur i Austrheim kommune.
- Konkretisering av samarbeidet mellom AVS og ungdomstrinna i kommunen.
- Utrusting av skulane for å kunna gje alle elevane eit godt læremiljø.
- Bruk av ledige areal ved Kaland barne- og ungdomsskule når Kaland barnehage flyttar inn i nye lokale om nokre år.
- Kaland 1, rehabilitering eller riving?
- Framtidig bruk av dagens leikeareal for Kaland barnehage.

- Oppbygging av gode og aktiviserande uteareal ved Kaland og Årås skular.
 - B. Utvalet bør kunne levere delinstillingar i arbeidet sitt. Utvalet står fritt til å trekkje inn andre instansar og personar i arbeidet sitt.
 - C. Utvalet vert samansett slik:
 - o Rektor ved kvar av skulane, med inspektør som vara. (2)
 - o Ein representant frå dei aktuelle fagforeiningane, Utdanningsforbundet, med Fagforbundet som vara. (1)
 - o Ein representant som er peika ut av FAU ved kvar skule, dette bør fortrinnsvis vere leiarane med nestleiar som vara. (2)
 - To representantar frå ungdomsrådet.
 - o Fire representantar vald ut av kommunestyret, med vararepresentantar etter liste. (3)
 - o Ein representant frå teknisk drift .Kommunestyret vel leiar og nestleiar for utvalet. Leiar har dobbelstemme i høve der stemmetalet er likt.
 - D. Utvalet skal rapportera framdrifta i arbeidet til kommunestyret på kvart møte i kommunestyret. Sluttrapporten frå utvalet skal leggjast fram for kommunestyret i juni 2018.
-

086/17: Tertialrapport 2, 2017

Rådmannen sitt framlegg:

Tertialrapport 2, 2017 vert teke til vitande.

26.10.2017 FORMANNSKAPET

Rådmannen sitt framlegg vart samrøystes tilrådd.

FS - 086/17 - 26.10.2017 - Vedtak:

Tertialrapport 2, 2017 vert teke til vitande.

087/17: Budsjettjustering nr. 2, 2017

Rådmannen sitt framlegg:

Austrheim kommunestyre godkjenner fylgjande justeringar for budsjett 2017:

Ansv.	Kontotekst:	Auka utg.	Red. utgift	Auka innt	Red. innt.
	Drift:				
900	Auka skjønsmidler			1090000	
900	Red.innt.utjaming		1000000		
900	Reduksjon skatt				2000000
900	Eigedomsskatt				400000
100	Reduksjon løn		200000		
101	Reduksjon løn		100000		
190	Reduksjon løn		300000		
200	Auke statstilskot			500000	
201	Kjøp ten. Stat	2200000			
210	Red.utg. Årås skule		500000		
210	Auka innt. Årås skule			500000	
301	Red.innt.legektr.				300000
302	Auke livsopphald	1500000			
302	Auka løn	800000			
604	Auka husleige			510000	
600	Avsetjing vatn	1100000			
899	Auke sjukepengar			3000000	
899	Reduksjon kostnad		600000		
	Totalt drift	5600000	2700000	5600000	2700000
	Investering:				
99	Oppgradering Kaland	6300000			
99	Nye omsorgbustader		3000000		
99	Ny ambulansestasjon		3052000		
99	Oppgrad.Kaland barneh		1000000		
99	Eigenkap.	752000			
	Total investering:	7052000	7052000		

26.10.2017 FORMANNSKAPET

Rådmannen sitt framlegg vart samrøystes tilrådd.

FS - 087/17 - 26.10.2017 - Vedtak:

Austrheim kommunestyre godkjenner fylgjande justeringar for budsjett 2017:

Ansv.	Kontotekst:	Auka utg.	Red. utgift	Auka innt	Red. innt.
	Drift:				
900	Auka skjønsmidler			1090000	
900	Red.innt.utjaming		1000000		

900	Reduksjon skatt				2000000
900	Eigedomsskatt				400000
100	Reduksjon løn		200000		
101	Reduksjon løn		100000		
190	Reduksjon løn		300000		
200	Auke statstilskot			500000	
201	Kjøp ten. Stat	2200000			
210	Red.utg. Årås skule		500000		
210	Auka innt. Årås skule			500000	
301	Red.innt.legektr.				300000
302	Auke livsopphald	1500000			
302	Auka løn	800000			
604	Auka husleige			510000	
600	Avsetjing vatn	1100000			
899	Auke sjukepengar			3000000	
899	Reduksjon kostnad		600000		
	Totalt drift	5600000	2700000	5600000	2700000
	Investering:				
99	Oppgradering Kaland	6300000			
99	Nye omsorgbustader		3000000		
99	Ny ambulansestasjon		3052000		
99	Oppgrad.Kaland barneh		1000000		
99	Eigenkap.	752000			
	Total investering:	7052000	7052000		

Sakspapir

Saksnr	Utvalg	Type	Dato
090/17	Formannskapet	PS	06.11.2017

Saksbehandler	Arkiv	ArkivsakID
Emma Hjelmtveit	FE - 033	17/812

Orienteringssak

Framlegg til vedtak:

Saksopplysninger:

Sakspapir

Saksnr	Utvalg	Type	Dato
091/17	Formannskapet	PS	06.11.2017

Saksbehandler	Arkiv	ArkivsakID
Jan Olav Osen		17/818

Budsjett 2018 - Økonomiplan 2018 - 2021

Framlegg til vedtak:

Saka vert lagt fram til orientering og drøfting

Saksopplysninger:

Bakgrunn

I møte den 06.11 vil talbudsjettet for 2018 bli gjennomgått av økonomisjefen. Dette er eit arbeidsmøte .

Det er lagt opp til fylgjande tidsplan for budsjettarbeidet:

Dag og dato	Tema	Kommentar
Fredag 20.10	Arbeidsmøte med budsjettansvarlege	
Mandag 06.11	Møte i formannskap – budsjett 2018, Orientering og drøfting	Arbeidsmøte
Torsdag 09.11	Utsending av budsjettsaka til formannskap	
Torsdag 23.11	Møte i formannskapet-Budsjett 2018, med saksutgreiing og framlegg til vedtak	Vedtaks møte
	Formannskapet si tilråding vert lagt ut til offentleg ettersyn.	
Torsdag 14.12	Budsjett i kommunestyret	Vedtaks møte

Vurdering

Talbudsjett vil ligge føre til møtet den 06.11.17. Endeleg saksutgreiing med framlegg til vedtak vil bli utsendt den 09.11.17.

Konklusjon

Saka vert lagt fram til orientering og drøfting.

Sakspapir

Saksnr	Utvalg	Type	Dato
092/17	Formannskapet	PS	06.11.2017

Saksbehandler	Arkiv	ArkivsakID
Wenche Myrmel	FE - 033, TI - &00	17/774

Reglement for politisk tingingsutval

Framlegg til vedtak:

Ordførar sitt framlegg til vedtak

Formannskapet opprettar eit politisk tingingsutval som eit eige arbeidsutval.

Saksopplysninger:

Bakgrunn

Viser til delegeringsreglement for Austrheim kommune som er vedteke 23.05.17.

I § 1-4 står det mellom anna at formannskapet har ansvar for den overordna lønnspolitikken i kommunen. Formannskapet skal fungera som politisk tingingsutval. Det politiske tingingsutvalet fastset lønn og avgjer andre lokale avtalar for rådmannen.

I Hovudtariffavtalen pkt. 3.4.1 Leiaravlønning – toppleiarar står det at lønn til rådmann og assisterande rådmann skal fastsetjast av kommunen.

Vurdering

I samsvar med delegeringsreglement for formannskapet vil ein opprette eit politisk tingingsutval som eit eiga arbeidsutval.

Arbeidsutvalet skal ha tre medlemmar; ordførar, varaordførar og leiar av det største opposisjonspartiet.

Ordførar er leiar av utvalet.

Lønn til rådmann og assisterande rådmann skal tingast av arbeidsutvalet og tingingsresultatet går som informasjon til formannskapet.

Arbeidsutvalet kan utarbeide leiaravtale med rådmannen som skal godkjennast av formannskapet.

Arbeidsutvalet skal gjennomføre medarbeidarsamtale og lønnsamtale med rådmann.

Arbeidsutvalet sitt mandat er å instille i pensjonsspørsmål for ordførar og folkevalgte som har frikjøpt tid og halde seg oppdaterte på sentrale problemstillingar innan personalfeltet i kommunen.

Arbeidsutvalet får mandat til å innstille til kommunestyre ved tilsetjing av ny rådmann.

Ordførar står for innkalling til møta og rådmann sørgjer for sekretær til utvalet.

Konklusjon

Ordførar sitt framlegg til vedtak

Formannskapet opprettar eit politisk tingingsutval som eit eige arbeidsutval.